



Knut-Johannes Ripel har avansert måleutstyr. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I føremiddag ligg temperaturen rundt 25 grader i skuggen i Uskedalen - etter den første tropenatta dette året. Den som går god for at det verkeleg har vore ei tropenatt er Knut-Johannes Ripel i Myro, som har avansert måleutstyr.


Ein utskrift han har sendt uskedalen.no fortel at det var 20,5 grader allereie mellom midnatt og klokka eitt.

Klokka tre kom ein ny topp med 21 grader, men toppen vart nådd mellom klokka fire og seks med nesten 22 grader.

Kva er så ei tropenatt? Ho blir definert som perioden mellom klokka 20 og åtte neste morgon der lufttemperaturen ikkje går under 20 grader celsius. Tidlegare var grensa 25 grader, men slike tropenetter har vi hatt berre to gonger her i landet og temperaturen er derfor nedjustert til norske og nordiske tilhøve.

Normalt får vi tropenetter i Norden på ettersommaren når havtemperaturen langs kysten er maksimalt oppvarma, helst over 18,5 grader, les vi i Wikipedia.

Av Ola Matti Mathisen



Tropenatta slik ho vart registrert hos Ripel i Myro